

Veka 3c
4/9-19

SOPPTUR TIL TORVHUSET «HASS LEONARD»



Onsdag 4. september tek 5.-7.trinn turen til Torvhuset «hass Leonard».

Me går frå skulen ca.klokka 09.00 og er tilbake til skulen til 6.time (13.00).

Det overordna målet med denne «studieturen», vert å kunna bruka kunnskapen elevane har øvd på, ute i praktiske opplevingar!

Målet for turen, vert å - kunna fortelja om kva soppar som kan etast og soppar som er giftige, samt vita namn på soppar/artar.

Me vil nytta plasthanskar når elevane skal plukka, studera eller ta i sopp.

INGenting skal smakast på!

Soppen me tek med oss til skulen, skal berre nyttast til å namngje soppar, **sortera** i mat- og giftsoppar og **kva art** dei høyrer til.


Sosialt mål på turen: *Me tek vare på kvarandre og alle får vera med.*



Utstyr elevere tek med seg på turen:

- Kle deg etter veret (støvlar/turstøvlar – hoggormen har ikkje tatt «winterferie» enno).
- Nistemat som du pleier ha med deg på skulen (ikkje snop).
- Drikke (ikkje brus).

Håpar på ein lærerik og positiv dag ute i naturen



Helsing Karoline, Linn og Birte